

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Folkelege Musikkinstrument

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Det er uråd å gi noko skjematisk framstilling av dei ymse musikk instrument som kan ha vore i bruk i desse bygder, til det er den musikalske tradisjon forlite utbreidd, og ikkje var her noko sers "musikkliv" heller i gamle dagar. Det fanst ein og annan spelemannen, som spela fele i brudlaup o.l. men det var langt imillom dei. Oftast laut ein utanbygds for å få i spelemann. I det 17- og 18 de hundradåret då folkestraumen gjekk ut mot havet til å fylla dei rom som vart leduge ved mannespille på sjøen, då var det tvillaust mange av dei som kom frå Nordfjord og Sunnmørsfjordane som kunne spela på fele f.eks. men det er påfallande få ein høyrer gjete. Antan det no er striden for tilveret som har vore for strid til at ein kunne skaffe det overskot som trøngst for å vera spelemann, eller det var eit myrkt og tunglyndt folk dei kom ilag med, som ikkje oppmuntra serleg til speling og dansing, det veit eg ikkje, men kan godt tenkje at det var litt av kvart. Her fannst altso ein og annan felespelar, men fela var eit fandens instrument. Likevel måtte den ha eit rom i folkehjarta, for gutongane laga seg feler av fjøendar og hestetaglog lest spele på, utan at det vekte noko forargelse.

Då trur eg mest det var meir ålmennt med ei munnharpe, men sers mange var det nok ikkje av det slaget heller. Skal ein snakke om "folkelege musikkinstrument" her i Sande, so trur eg vi kan nemne "ei sildenyne": Når ein turka sild med hovudet på, så åt ein silda, men av hovudet laga ein ei "nyne". Ein reiv frå tokneloka og tok ut augo. millom augo (inne i hausen) vart då att ei tynn hinne som det let i når ein heldt nyna på ein sers måte i munnen. Dette instrumentet var oftast for hand, då turr-sild var vanleg mat både når ein var heime og på reis. Etter 1900 tok det til å koma kjøpe- eller kanskje det er rettare å seie fabrikkinstrument. Ein norsk amerikanar kunne koma att med ei lirekasse eller positiv, eit akordion og så desse velsigna munnspala. Ja eit eller to orgel. Og kvinnfolka fekk seg gitarar og harpeleikar, men alt dette held eg ikkje for å vera folkelege instrument.

Fløyter av bork og lurar av bukke- eller oksehorn var brukte, men det var helst "larmeinstrument".

Dette er omlag alt eg kan fortelje om musikkinstrumenta frå gamall tid her i Sande. Det kan ha vore fleire, men eg har ikkje høyrte segner om dei.

Jm 648

2

Voksa den 3/6 1948.

Til Norsk Etnologisk Gransking,  
Norsk Folkemuseum  
B y g d ø y .

"Ei sildenyne"  
Dykkar brev av 28.f.m.

Ei sildenyne lagar ein av hovudet av ei vindtørka sild (Usalta). Ein riv av tokneloket på kvar side, og tek ut augo. Millom augo er det ei tynn hinne og den hinna er "tunga" i nyna. Når ein so tek dette "aparatet" millom lippene (omlag som ei munnharpe) og nynar, so verkar denne hinna som ein "resonans" for lyden og gjer den sterkare. Det vert altså som eit avbrøyte, mot vanleg nyning.

Aparatet er ikkje serleg innvikla og kunsten å spela på det er ikkje so tung å læra. Ein kan seie at det må vera eit av dei mest primitive. Eg har lagt merke til at når sildefiskarane har turka garna sine og skal plukke sildehovudi ut av garna, så seier dei oftast at dei må plukke ut "Nynene". Det er berre sjeldan at dei tilårskomne av dei brukar anna namn. Antan dette heng saman med eit "tabunamn", eller det er avdi ein kan laga nyner av turre sildehovud, det kan vera vandt å seie for visst, men ein kan få lov å tru at dette med nynene er ei medverkande årsak i allfall.

Eg sender med nokre sildehovud, so De kan sjå litt på kor det vil ha seg. Eit av dei lagar eg til slik som det skal vera, men det er ikkje heilt visst at dette er so bra når det kjem fram, for eg tenkjer meg at hinna kan turke opp på vegen og ikkje gi det resultat som ei nylaga. Det er og truleg at sild som er kverka (gana) med ho er fersk, har fått skarpere turk og gjev eit betre emne, men i alle høve er desse hovudi so pass at De får ei aning om kor det verkar.

Skulle De likevel vera i tvil om noko, så står eg sjølsagt til teneste med vidare opplysingar, liksom truleg kvar sunnmøring frå øygarden vil kunna gi litt opplysing, og "demonstrere" aparatet.

Dykkar vyrdsame

Torvald Zaade